



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Dato:	26.08.2014
Arkivsak	14/00041
Dokumentnummer:	14/00041-001
Arkivkode:	031
Saksbehandler:	Anne Sofie N. Uthaug

Saksnr	Sak	Møtedato
019/14	Nye lokale for kyrkjekontoret	02.09.2014

Saksframstilling

Vedlegg.

Saksframstilling til formannskapet: Alternative lokalitetar for Meland kyrkjekontor

Teikningar Frekhaug torg, Lingjerde eiendom (det ledige området er i hjørnet på bygget merka A-E/1-4)

Kommuneadministrasjonen har teke initiativ til å vurdere nye kontorlokale for kyrkjekontoret. Bakgrunnen er at dei har vorte sagt opp i andre lokale for delar av verksemda og treng etterkvart rådhuslokala sårt sjølv, både til det som må flyttast og til andre avdelingar der fleire må dele kontor. Administrasjonen på kyrkjekontoret har vurdert to ulike lokale: eit ledig lokale i tidlegare Rema-bygget i 2 etasje og Lingjerde eiendom sitt bygg i 2 etasje ved sida av g biblioteket. Konklusjonen er at det siste er mest egna, kostnadane var nokolunde dei same. Saka vert handsama i formannskapet 27.august.

Bakgrunn:

Soknerådet har tidlegare vore inne på om det er høve til å få ei anna løysing for kyrkjekontoret. Det vart ekstra tydeleg behov for det då det nyaste påbygginga på rådhuset var ferdig og det viste seg at kyrkjekontoret kom innanfor låste dører og besøkande vart avhengig av å gå innom i resepsjonen. Det kom ein del protestar på frå publikum. Kyrkjestaben var også skeptisk til ordninga. Men samtalar med kommuneadministrasjonen førte ikkje til vesentlege endringar. Det har etter dette også vore uformelt lufta moglegheiter for andre løysingar.

På sikt er det ønskeleg å få kyrkjekontor i ei ny kyrkje på Frekhaug. Fram til det kan realiserast er det flott om kyrkjekontoret kan bli lettare tilgjengeleg for folk flest, meir synleg i sentrum og vere mindre avhengig av kommuneadministrasjonen sine måtar å drive på. (Det må leggast til at trass usemje om inngangssystemet, så er samarbeidet kyrkjekontoret godt både med resepsjon og kommuneadministrasjon).

Vurderinga av lokale

Administrasjonen måtte på forsommaren i løpet av ein kort periode ta stilling til kva for eitt av dei to ledige lokala som var best egna. Prismessig låg dei ganske likt. Begge lokala kan gi rom for noko aktivitet utanom reine kontorfunksjonar. Etter synfaring med soknerådsleiar og representantar frå staben vart det vurdert at Lingjerde sitt lokale er best egna, kanskje først og fremst fordi det ligg saman med andre funksjonar som ein kan passe saman med, ikkje minst biblioteket. Lokalet er også plassert nær den sentrale trappa og heisen i bygget. Lokalet på tilsaman 270 kvm inkl fellesareal er stort nok til å romme 7 kontor, lager, to møterom, eit lite lokale og kjøkkenkrok. Dei 7 kontora fins allereie, det same gjeld eit mindre møterom med T-kjøkken og lager/kopirom. Men resten av lokalet treng ei ombygging for å få til eit større møterom og eit lite lokale med kjøkkenkrok. I forhandlingane med kommunen har det vorte ein føresetnad at kyrkja tar eingongskostnaden med denne ombygginga, sidan kommunen i forslaget tek på seg større kostnader enn før med å leige lokalet og nødvendig lydsetting av tre kontor og eit møterom. I forslaget ligg det også at kyrkja får auka ramma på



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

tilskotet frå kommunen tilsvarande leigekostnader og felleskostnader. Dermed fell denne delen av tenesteytingsavtalen vekk. Denne delen – kontorplass- utgjør kr 361.680.

Konsekvensar

Den største kostnaden soknerådet må ta stilling til er kostnaden med ombygging av lokalet. Viljen til dugnad har vist seg å vere ganske stor i kyrkjelyden, så det kan hende det er mogleg å spare mykje pengar på dugnadsarbeid. Men det må likevel materialar og handverksarbeid til for å få gjort ombygginga. Eit lausleg estimat kan ligge på 100-300.000 og dette må i tilfelle kome frå fondsmidlar som soknerådet har, viss ein ikkje kan skaffe andre midlar.

Å ha kontor i rådhuset har både fordeler og ulemper for kyrkjekontoret. Fellesskapet med dei tilsette i kommunen i kantina og ellers, tilgang til kantina og tilgang til ulike kontorfunksjonar, enkle forhold for samarbeid med personar i dei ulike etatane, god service frå resepsjon og andre kan absolutt skrivast på den positive sida. Ikkje minst vil kyrkjevevje og konsulent merke ein del til endringane ved ei flytting. Men det er ulemper som nemnt før og det er kanskje snart ikkje noko val for kyrkja å bli verande i rådhuset.

Fordelane med å kome i eit anna bygg er at det blir lettare fysisk tilgjenge for publikum, ikkje minst med tanke på dei som kjem utan «eit ærend» men kanskje søker kontakt. Det blir lettare å kome og gå utan at nokon legg merke til det, som er positivt for samtalar og sjelesorg. Med løysinga i Frekhaug torg vil det bli betre rom og betre forhold for møte og små arrangement som Open Møteplass, komitemøte, konfirmantundervisning i mindre grupper, soknerådsmøte osv. Og naboskapet med nye bedrifter/institusjonar kan gi nye moglegheiter for samarbeid. Ulempa med å kome utanfor resepsjonen, er at kyrkjetilsette ikkje vil, med dagens bemanning, klare å dekke så mykje av normal kontortid med ein person som kan svare på kor folk kan finne oss. Men telefonen vil framleis vere kopla mot kommuneresepsjonen.

Når tilskotet til kontor vert overført frå tenestyting til ein del av det generelle tilskotet, må soknerådet føresetje at tilskotet vert auka i takt med prisauken på leigeutgifter og andre utgifter. Så langt har erfaringa vore at kommunen aukar tilskotet år for år i høve til pris og lønnsauke. Dette er ikkje erfaringa i alle kommunar, så her må sokneråd og kyrkjevevje vere vakne.

Ein viktig føresetnad for framlegg til vedtak er at formannskapet går inn for rådmannen sitt framlegg til vedtak i møtet 27.08.

Tidsplanen for nye kontor er overtaking frå 1.november og innflytting i løpet av november. Eventuell ombygging og dugnadsinnsats til stort møterom og lokale/kjøkken må ikkje nødvendigvis vere ferdig før innflytting, etter kyrkjevevja si vurdering.

Framlegg til vedtak

Soknerådet tek imot tilbodet om nye lokale til kyrkjekontor og auka løyving til dette. Soknerådet meiner kyrkja er tent med løysinga i Lingjerde eiendom sitt hus Frekhaug torg. Soknerådet tek på seg kostnadane med ombygging av lokalet, teken frå fondsmidlar og ber kyrkjevevja henta inn kostnadsoverslag. Det må arbeidast for å redusere kostnadane ved hjelp av dugnad.

Møtehandsaming



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Vedtak

Soknerådet tek imot tilbodet om nye lokale til kyrkjekontor og auka løyving til dette. Soknerådet meiner kyrkja er tent med løysinga i Lingjerde eiendom sitt hus Frekhaug torg. Soknerådet tek på seg kostnadane med ombygging av lokalet, teken frå fondsmidlar og ber kyrkjeverja henta inn kostnadsoverslag. Det må arbeidast for å redusere kostnadane ved hjelp av dugnad.